

KONFIRMAN*

Konfirmant 2025-2026

Midsund kyrkjelyd



DEN NORSKE KIRKE

Midsund kyrkjelyd

VELKOMMEN SOM KONFIRMANT I MIDSUND KYRKJELYD, 25-26

Vi inviterer deg med dette til å bli med på Den norske kyrkje si konfirmanttid. Denne invitasjonen går til deg som er fødd i 2011 og er busett i Midsund kyrkjelyd.

I løpet av året vil du bli betre kjend med kyrkja og med den kristne trua, med seg sjølv og dei andre konfirmantane på ein ny arena. Vi vil ha tid til å snakke om dei store spørsmåla i livet, kva det vil si å tru og tvile og kva for verdiar som er viktige for deg.

EIN VIKTIG TID - EIT VIKTIG VAL

Konfirmasjon er ei påminning om at Gud i dåpen sa ja til å vere ein del av livet ditt. Gjennom fellesskap og gode opplevingar, undervisning, konfirmantleir og møte med andre konfirmantar kan dette bli eit spanande og innhaldsrikt år.

Sentrale tema: Solidaritet og nestekjærleik, engasjement og omsorg for andre, eigenverd og fredsarbeid og vern av klima og miljø er nokre viktige tema!



Foto: Bo Mathisen

KONFIRMASJONSDATOAR 2026

Laurdag 2. mai

Laurdag 9. mai

Du vel dato allereie i påmeldinga.

BEHOV FOR TILRETTELEGGING?

Konfirmasjon er for alle, og vi ynskjer å legge til rette for ei god og meningsfull konfirmanttid, uansett livssituasjon og funksjonsevne. Ta kontakt med oss for informasjon ved behov for tilrettelegging.

KONFIRMASJON OG DÅP

Er du ikkje døypt og lurar på om du likevel kan bli konfirmert i kyrkja? Klart du kan! Du er heller ikkje åleine. Over tusen ungdommar blir kvart år døypt i forkant av konfirmasjonen.

Du får god informasjon på førehand og på sjølve dåpsdagen har du med deg dine nærmaste i ein fin seremoni.

Ta kontakt med kyrkjekontoret for meir informasjon.



Foto: Malin Longva

Konfirmanttida i Midsund kyrkjelyd startar i september og vert avslutta med konfirmasjonsgudstjeneste i mai. Du får være med på:

Temasamlingar/spørjekveld

Samlingar med heile kullet, aktivitetar, leik og undervisning.

Samtalegrupper

Samlingar i grupper på 5-6 stykkar kor ein vert invitert heim til gruppeleiar.

Gudstenester

På desse gudstenesta vil konfirmantane ha ansvar for ulike oppgåver.

Sport og gøy

Sosial dag saman med konfirmantane i Aukra.

KonfAction

Frivillig leir til Bø i Telemark, 20.-24. juni 2025 med KRIK, Kristen Idrettskontakt. Ta kontakt om du ikkje allereie er påmeld.

Kirkens Nødhjelp si Fasteaksjon

Kvar vår deltek konfirmantane i innsamlingsaksjonen til arbeidet som Kirkens Nødhjelp driv rundt om i verda.



PÅMELDING

Påmeldinga på nett opnar
15. mai 2025, kl. 08.00.

[Kirken i Molde > Barn og Unge > Konfirmant](#)



Spørsmål? Ta kontakt med Heidi Kristin Fagersand, sokneprest
mobil: 41443235

evt: 71 11 14 70
heidi.kristin.fagersand@molde.kirken.no

Føresette og konfirmantar vert invitert til informasjonsmøte i Otrøy kyrkje i august/september. Meir info kjem.

**Hjarteleg velkommen!
Vi gler oss til å møte dykk!**

Nb! Hald av 14. september. Då er det gudsteneste kor konfirmantane blir presentert for kyrkjelyden. Kjøkk dag!